
Vår referanse 2020/44665-2
Dato 20.03.2020

ALVER KOMMUNE TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Att. Harry Finseth

Fv. 5312 - Hp01 - Melandsvegen i Alver kommune - Grave- og framføringsløyve for vassleidning og lågspent EI-kabel

Vi viser til søknaden dykkar av 17.03.2020.

Vedtak:

Med heimel i Veglova §§ 32 og 57 vert det gjeve løyve til kryssing av fv. 5312 ved Hp01, m1631 i Alver kommune med vassleidning og lågspent EI-kabel. Ved kryssing skal grøfta utkiles med 2 m på kvar side av grøfta. Deretter skal asfalten freses og fortannes slik det går fram av gjeldande rutinar for graving og legging av leidningar. Eit vilkår for løyvet er at gravearbeidet ikkje går over ein lengre tidsperiode i kryssinga av vegen.

Vidare vert det gjeve løyve til nærføring og graving langs fv. 5312 ved Hp01, m1631 til m1693 med lågspent EI-kabel og vassleidning.

Leidningsforskrifta av 8. oktober 2013 med seinare endringar, vert lagt til grunn for vedtaket og «Rutinar for graving og legging av leidningar» gjeld for arbeidet.

Forskrifter, rutinar og skjema kan hentast ut her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Følgjande vilkår vert nemnd særskild:

- Dersom leidningsanlegg, plassert på Vestland fylkeskommune sin grunn og/eller nærare vegkant enn 3,0 meter, må flyttast på grunn av seinare vegtiltak, vil leidningseigaren bli pålagt å utføre dette for eiga rekning, jf. §16 i leidningsforskrifta.
- Graving/boring skal berre skje etter at eksisterande kablar og leidningar er påvist.
- Graving over avkøyrsløype eller anna eigedom må avklarast med grunneigar.
- Leidningseigaren er ansvarleg for all skade som måtte påførast vegområdet eller tredjemann.
- Entreprenør og ev. underentreprenørar skal ha ansvarsforsikring på minimum 150 G.
- Mogleg ulempe for leidningsanlegget ved Fylkeskommunen sin seinare vedlikehalds/reparasjons- og utbetningsarbeid, er Fylkeskommunen uvedkommande. Det kan ikkje seinare gjerast gjeldande erstatningskrav overfor Fylkeskommunen for skadar og ulemper som er påført innretninga grunna nærleik til vegen.
- Tiltakshavar har ansvar for å undersøkje eventuelle fornminner, naturreservat eller andre slags vern i forbindelse med det komande gravearbeidet.

- Leidningen skal leggjast med overdekning på minst 60 cm jf. ledningsforskriften §5.
- Før gjennomføring av omfattande graveprosjekt skal leidningseigar gjennomføre ei kartlegging blant andre leidningseigare for koordinering og samkøyring av graveprosjektet og for å informere om moglegheitene til å leggje røyr medan arbeidet går føre seg. Dette gjeld framføringstrasear for legging av tele- og datakablar, fjernvarmeleidningar, vatn- og avlaupsleidningar, etc. som er lengre enn 40 meter og/eller som kryssar ein veg.
- Det må sendast søknad om arbeidsvarsling til Statens vegvesen i god tid før arbeidet er tenkt starta. Kopi av dette vedtaket skal leggjast ved søknaden.
- Dersom gravearbeidet og/eller istandsettinga ikkje blir utført i samsvar med våre vilkår eller slik det er avtalt med Fylkeskommunen sin representant, kan Fylkeskommunen utføre arbeidet for utførande entreprenørs/leidningseigars rekning.
- Alle kablar og røyr, i kryssingar og langsgåande trasear som går på veggrunn, skal målast inn i høve til SOSI-standarden. Send innmålingane til Vestland fylkeskommune som SOSI- filar.
- Skjema for eigenkontroll skal sendast inn til Vestland fylkeskommune, og dette skjemaet må sendast til oss seinast 14 dagar etter at arbeidet er avslutta. Garantitida startar først når eigenkontrollskjemaet er motteke.
- Gravearbeidet må vere avslutta innan 01.05.2021.
- Garantitida vert sett til 5 år.

Innmålingsdata og eigenkontrollskjema med vedlegg skal sendast: post@vlfk.no
Hugs å vise til vårt saksnummer 2020/44665.

Klage

Dette vedtaket kan ein klage på jf. Forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage skal sendast Vestland fylkeskommune.

Rett til innsyn i saka sine dokument går fram av Forvaltningslova §§ 18-19.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Marita Onarheim Rong
Ingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
YD MASKIN AS Beitingsvegen 248